

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:
200900054-234/015/DAHI

Bergen, 06. oktober 2011

Fylkeseldrerådet i Hordaland - høyringsuttale

Samhandlingsreformen – forslag til forskriftsendringar og nye forskrifter som følgje av Prop. 91 L (2010-2011) Lov om kommunale helse- og omsorgstenester

KAP. 2: Høyringsnotatet sitt innhald

Samhandlingsreformen tek sikte på at ei samla helse- og omsorgsteneste må inkorporerast i kommunane slik at folkehelsearbeidet som kommunane allereie har ansvaret for kan liggja i botnen med aktive tiltak innan førebyggjande helsearbeid. Kommunal medfinansiering er ein viktig del av samhandlingsreformen, og synest å vera best i samsvar med hovudmålet med reforma - å motivera til meir kommunal innsats i helsearbeidet.

Sjølv om intensjonane er gode vil likevel Fylkeseldrerådet i Hordaland gi uttrykk for at vi er skeptiske til at staten innfører ei så omfattande reform i relativt hurtig tempo. Vi minner om at fleire kommunar har sagt at samhandlingsreformen bør utsetjast i tid.

KAP. 3: Kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar

Fylkeseldrerådet i Hordaland har ingen merknader til økonomisk dagmulkt på kr. 4000,-. Spesialisthelsetenesta skal spela ei aktiv rolle i vurderinga av kor mykje hjelp som trengs, og å varsle kommunen innan 24 timar. Denne prosessen bør nøye utgreiast slik at ein ikkje påfører behandlingsspersonell meir papirarbeid og meir byråkrati.

KAP. 4: Forskrift om kommunal medfinansiering

Dei økonomiske konsekvensane av forslaga er vanskelege å sjå klart nok no. Dersom det skal verte gjeve likeverdige tenester i helse- og omsorgssektoren, må kommunane ha fullt oversyn over kva lova pålegg dei. Gjennom samhandlingsreformen vil nye oppgåver bli utført i kommunane. Til dømes kan enkelbehandling verte gjeve i lokal-medisinske sentra. Det må då vere ein føresetnad at det følgjer tilstrekkeleg midlar med. Dersom dette ikkje skjer, kan kommunen lata vera å gi slik behandling. Ein må vona at dette er ting som går seg til etter kvart.

KAP. 6: Fordeling av kostnader mellom kommunar, vederlag og disponering av kontantytelsar

Dersom kommunane får tildelt økonomi som frie midlar, vil det krevje god budsjett disiplin i kommunane slik at midlane vert brukt til det formål dei er tiltenkt.

Forskriftene om trivselsordning må vidareførast. I alle institusjonar er der stort behov for slike ordningar.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i at ein vidarefører bestemmelsen om vederlag for legehjelp og fysikalsk behandling, og at vederlag for tannbehandling vert teke opp i samband med komande revisjon av tannhelselova.

KAP. 8: Helsepersonellova

Rådet seier seg også samd i forslaget til endring av forskrift vedkomande avgrensningar i helsepersonell sitt høve til å motta gåver, provisjon, teneste eller anna ytelse.

For Fylkeseldrerådet i Hordaland



Olga Johannessen
-leiar-



Dagmar Reutz Hillestad
-rådgjevar-